



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president
Ekspedisjonskontoret
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

15/1241

28.04.2015

**Spørsmål til skriftleg svar nr. 826 frå stortingsrepresentant Per Olaf Lundteigen
– ettersending av statistikk**

Stortingsrepresentant Per Olaf Lundteigen har stilt følgjande spørsmål til skriftleg svar:
”Kan statsråden gje ei oversikt over andelen registrerte sysselsette i alderen 20-66 år fordelt på hhv. deltid og heiltid i perioden 2000-2014 for alle med minst 7 års registrert butid i riket fordelt på landbakgrunn?”

Svar:

I mitt førre svar i brev av 13. april opplyste eg at Arbeids- og sosialdepartementet har bestilt statistikk frå SSB, og at dette materialet ville bli ettersendt. SSB har no levert statistikk om sysselsetjing etter butid i Noreg fordelt på deltid og heiltid og innvandringsbakgrunn. Statistikken følgjer vedlagt. Merk at SSB nyttar standard aldersgruppe 15 – 74 år. Tala frå SSB viser mellom anna følgjande:

Heiltid og deltid blant sysselsette innvandrarak med minst sju års butid

Sysselsette innvandrarak med butid på sju år og meir jobbar noko meir deltid og noko mindre heiltid enn sysselsette utan innvandrarakbakgrunn, men skilnadene er svært små, sjå tabell 1.

Grupper innvandra frå vestlege land jobbar noko meir heiltid enn nordmenn.

Delen som jobbar heiltid har auka etter 2005. Det gjeld både for innvandrarak med butid ut over sju år og for nordmenn, sjå tabell 2.

Tabell 1: Sysselsetjing etter arbeidstid blant nordmenn og innvandrarak med butid p  sju  r og meir.

Prosentfordeling, 2013. Kjelde: SSB

	nordmenn	innvandrarak
Kort deltid (4-19 t)	14,3	14,8
Lang deltid (20-29 t)	8,9	10,4
Heiltid (30- t)	76,8	74,8

Tabell 2: Delen av sysselsette som jobbar heiltid blant nordmenn og innvandrarak med butid p  sju  r og meir

Prosentfordeling, 2001 – 2013. Kjelde: SSB

	Innvandrarak	nordmenn
2001	73,0	74,8
2003	72,6	74,5
2005	72,3	74,2
2007	72,3	74,7
2009	73,6	76,2
2011	74,0	76,4
2013	74,8	76,8

Med helsing

Robert Eriksson